

NVE

Ved sakshandsamar Malin Solheim Olsen

Oversendt pr e-post

Sunnfjord 13. november 2023

**BERGSELVA KRAFTVERK, SUNNFJORD KOMMUNE. HØRINGSFRÅSEGNER TIL  
KONSESJON FOR BERGSELVA KRAFTVERK.  
BERGSELVA BYGSTAD KRAFT AS (BK) SINE KOMMENTARAR TIL DESSE.**

**Bakgrunn**

Vi viser til oversending av fråsegner der Dykk ber om tiltakshavar sine kommentarar til desse. Vi har motteke fråsegn frå følgjande:

- Sunnfjord kommune
- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Sametinget

***Sunnfjord kommune Vedtak i Kommunestyret 26.10.2023:***

*Sunnfjord kommune tilrår at Bergselva Bygstad kraft AS får konsesjon etter vassressurslova til å nytte vassfallet i Bergselva for å byggje Bergselva kraftverk, med følgande tillegg:*

- 1. Dersom kommuneveg, parkeringa/innkøyrsløp på Sele vert påverka av røyrgata, er det ein føresetnad at dei vert opparbeidd i same stand som før.*
- 2. Om turparkeringa vert påverka i anleggsperioden, må det sikrast anna parkering i nærleiken. Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.*
- 3. Kommunen ser at konsesjonssøknaden på nokre områder har manglande detaljar. Vi legg til grunn at ein detaljplan for utbygginga vil gje gode svar. Om konsesjon vert gjeve, skal Sunnfjord kommunen ha detaljplanen til uttale/vurdering.*

**BK sine kommentarar:**

Det er svært positivt at Sunnfjord kommune tilrår at Bergselva Bygstad kraft AS får konsesjon etter vassressurslova.

1. Vi kan forsikre om at parkeringa/innkøyrse på Sele vært opparbeid i same stand etter ei eventuell utbygging.
2. Det skal framskaffast alternativ turparkering i anleggsperioden om det skulle bli behov for å arbeide på denne parkeringsplassen i anleggsperioden.
3. Sunnfjord kommune får detaljplanen for prosjektet til vurdering/høyring etter ein eventuell konsesjon.

### ***Vestland fylkeskommune***

1. *Vestland fylkeskommune er positiv til at Bergselva kraftverk skal få konsesjon, under føresetnad av at konsesjonen sikrar avbøtande vilkår knytt til vassmiljø, friluftsliv og kulturminne.*
2. *Følgjande tekst skal inn som vilkår til konsesjonen: Undersøkingsplikta jf. lov om kulturminne § 9 skal oppfyllest i god tid før anleggstart og helst før utarbeiding av detaljplan.*
3. *Det er viktig at eventuell utbygging av Bergselva kraftverk ikkje får negative konsekvensar for friluftslivet knytt til Bergsheia. Ved konflikt må gode avbøtande tiltak på plass for å sikre moglegheita for friluftsutøving i området.*
4. *Det er difor viktig at det vert sleppt tilstrekkeleg minstevassføring heile året for å sikre ein viss produksjon av fisk og andre ferskvassorganismar (botndyr) på den råka elvestrekninga.*

### **BK sine kommentarar:**

1. Det er svært positivt at også Vestland fylkeskommune tilrår at Bergselva Bygstad kraft AS får konsesjon etter vassressurslova.
2. Dette er eit vilkår vi er kjend med frå andre saker, og som vi vil rette oss etter slik at vi oppfyller § 9 i kulturminnelova.
3. Slik prosjektet er tilpassa er det teke utgangspunkt i at å sikre moglegheita for friluftsutøving i området både under og spesielt etter ei utbygging. Vi meiner ei synfaring i området vil kunne underbygge at dette er teke omsyn til.
4. Det er planlagt å sleppe minstevassføring heile året tilsvarende 5- persentil verdien i vassdraget. Dette er også i tråd med tilråding frå Statsforvaltaren i Vestland, og vil sikre produksjon av fisk og andre ferskvassorganismar (botndyr) på den råka elvestrekninga.

### ***Statsforvaltaren i Vestland***

1. *Statsforvaltaren vurderer at ei utbygging av Bergselva kan gjennomførast med akseptable inngrep i naturmiljø og friluftsinnteresser, men at planlagt vassuttak er i høgste laget med tanke på påviste naturverdiar ved elva.*

2. *Kongeørn hekkar truleg i området, og det er lagt opp til at den mest støyande anleggsaktiviteten (sprenging) i øvre del av utbyggingsområdet skal gjennomførast utanfor hekkesesongen, som normalt er frå februar/mars og fram til starten av juli(1-5 juli). Det bør stillast krav om dette i konsesjonen.*
3. *Det er planlagt å byggje 550 meter anleggsveg til inntaket, frå eksisterande skogsbilveg. Etter byggjefasen vil anleggsvegen bli gradert ned til køyrestyrkt terreng. Ut frå kart/flyfoto og bilete i søknaden, ser strekninga ut til å liggje eksponert i eit trelaust landskap. Her må det stillast tydelege føringar i ein eventuell konsesjon om at vegutbygginga må skje skånsamt, og med minst mogleg varige landskapsinngrep. Øvre del av Bergselva ligg i eit viktig friluftslivsområde, [FK 00044071 Bergsheia](#), og både nye inngrep, og redusert vassføring etter utbygging, vil vere negativt for turopplevinga.*
4. *Planlagt slukeevne på over to og ein halv gonger middelvassføringa er litt høg samanlikna med det som har vore vanleg for småkraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra. Høg utnyttingsgrad vil redusere den naturlege dynamikken i Bergselva i relativt stor grad, og færre og mindre flaumar gjennom året vil redusere naturverdiane ved Skjormafossen. Vår vurdering er at utnyttingsgraden er i høgste laget, særleg på grunn av fosseberglokaliteten ved Skjormafossen, men at planlagt minstevassføring på 5-persentilnivå, differensiert mellom sommar og vinter, vil representere representative lågvassføringsverdiar gjennom året.*
5. *Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.*
6. *Vi viser elles til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining.*

#### **BK sine kommentarar:**

1. Det er svært positivt at Statsforvaltaren vurderer at ei utbygging av Bergselva kan gjennomførast med akseptable inngrep i naturmiljø og friluftsinteresser.
2. Vi tar dette til etterretning og meiner vi kan tilpasse å unngå sprenging i øvre del av vassvegen frå februar/mars og fram til starten av juli(1-5 juli). Vi har vore i kontakt med fuglebiolog som kjenner området godt, og som opplyser at pga avstanden mellom prosjektområde til hekkelokaliteten medfører at det berre er sprengingsarbeid bør unngåast i denne perioden. Anna type arbeid som graving, terrengtransport osv er overkommeleg aktivitet mtp avstanden til lokaliteten.

3. Som det framgår av søknaden er mykje av vegsystemet, som er planlagt brukt her, etablert frå tidlegare. For nye vegar vil det under anleggsarbeidet være fokus på så skånsame landskapsinngrep som mogleg.
4. Vi meiner den slukeevna og minstevassføringa som alt ligg inne i tek omsyn til dei naturforholda som her er vist til i prosjektet, og ein reduksjon i slukeevne vil medføre ein redusert produksjon. Vi er vidare glade for at Statsforvaltar meiner at planlagt minstevassføring på 5-persentilnivå, differensiert mellom sommar og vinter, vil representere representative lågvassføringsverdiar gjennom året.
5. Ja, det kan ein legge til grunn for prosjektet for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.
6. Ok, ja ein vil avklare korvidt ein må søke til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining.

### **Sametinget**

*Vi minner om aktsomhets- og meldeplikten etter kulturminneloven. Skulle det under anleggsarbeidet komme fram spor etter eldre aktivitet i området, må arbeidet stanses og melding sendes Sámediggi – Sametinget omgående, jf. kulturminneloven § 8 annet ledd. Vi forutsetter at dette pålegget vidareformidles til dem som skal utføre arbeidet. Vi viser til egen kulturminneuttalelse fra fylkeskommunen.*

### **BK sine kommentarar:**

Ja, dette er alt teke høgde for og legg opp til å avklare dette med fylkeskommunen i forkant av utbygginga.

### **Oppsummering**

Vi registrerer at både kommunen og fylkeskommunen er positive til tiltaket samt at Statsforvaltar vurderer at ei utbygging av Bergselva kan gjennomførast med akseptable inngrep i naturmiljø og friluftsjnteresser. Vi ser fram til sluttsynfaringa med NVE og ønskjer å oppklare vidare rundt prosjektet i terrenget.

Vennleg helsing Bergselva Bygstad Kraft AS

Egil Vallestad/Ingvar Bell

Styremedlemar

Bård Moberg

Dagleg Leiar